

Se mottakertabell

Sakshandsamar: Nora Torgersen

Vår ref: 16/00264-191

Vår dato: 05.09.2025

Dykkar ref:

Dykkar dato:

## Informasjon om nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærerutdanningane 2. desember 2025 (nynorsk)

Nasjonal deleksamen i matematikk for GLU 1-7 og GLU 5-10 blir gjennomført som ein fire timar lang skriftleg skuleeksamen.

Nasjonale retningslinjer for lærarutdanningane: <https://www.uhr.no/temasider/nasjonale-retningslinjer/nasjonale-retningslinjer-for-larerutdanningene/>

Eksamen utgjer fem studiepoeng under det overordna matematikkemnet, og testar temaet «algebraisk tenking» på nasjonalt nivå.

Det er oppnemnt to faggrupper som utviklar separate eksamenar for høvesvis GLU 1–7 og GLU 5–10. Eksamenane blir likevel haldne samtidig. I tillegg er det oppnemnt ei felles referansegruppe som kvalitetssikrar eksamenane. Kven som deltek i dette arbeidet, kan ein lese her: <https://www.nokut.no/utdanningskvalitet/nasjonal-deleksamen/nasjonal-deleksamen-for-grunnskolelærerutdanningene-glu-17-og-510/>

### Eksamen i NOKUTs lisens av eksamensverktøya

Eksamen i matematikk vil for andre gong bli gjennomført i NOKUTs lisens av Inspera og WISEflow. Det inneber at delar av prosessen rundt eksamen ved eksamenskontora er annleis enn ved tidlegare gjennomføringer. Erfaringane våre frå nasjonal eksamen for sjukepleiarutdanningane viser at arbeidsmengda for eksamenskontora blir redusert når endringane først er innførte. Etter første gjennomføring i NOKUTs system vår 2025, har vi fått tilbakemeldingar frå sensorar og eksamenskontor som har vore til stor hjelp i vidare forbetring av gjennomføringa.

For studentane er det lite som skil denne eksamenen frå andre eksamenar, bortsett frå at dei loggar inn med Feide i NOKUTs lisens av Inspera eller WISEflow, alt etter kva system institusjonen til vanleg brukar.

For å sikre god informasjon og klar arbeidsdeling vil NOKUT invitere eksamenskontora til eit informasjonsmøte i oktober. Det er frivillig å delta. Ein eksamensinstruks vil bli sendt ut i PDF-format til alle eksamenskontor i god tid før eksamen.

**Eksamensdato er 2.desember kl. 09.00-13.15.**

**Sensurfrist er 23. desember kl. 12.00.**

#### **Utgifter til sensur**

Institusjonane betaler for sensureringa av kandidatsvara. NOKUT dekkjer kostnadene med utarbeiding av eksamensoppgåver, samsensur og kalibrering. NOKUT betaler honorar direkte til sensorane og fakturerer institusjonane i etterkant basert på talet på innsendte kandidatsvar.

#### **Oversikt over kommande eksamensdatoar**

- 20. mai 2026
- 2. desember 2026

Med helsing

Kjetil Sletteng Ulvik  
seksjonssjef

Nora Torgersen  
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk signert.*

Vedlegg: Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningene 2. desember 2025 i Inspira  
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningene 2. desember 2025 i WISEflow  
Informasjon om nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskulelærerutdanningane 2. desember 2025 (nynorsk)  
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningene 2. desember 2025 i Inspira  
Informasjon til deg som skal ta nasjonal deleksamen i matematikk for grunnskolelærerutdanningane 2. desember 2025 i WISEflow (nynorsk)

| Mottaker                                                         | Kontaktperson | E-post                | Adresse                       | Post                      |
|------------------------------------------------------------------|---------------|-----------------------|-------------------------------|---------------------------|
| NORGES TEKNISK-<br>NATURVITENSKAPELIGE<br>UNIVERSITET NTNU       |               | postmottak@ntnu.no    | Postboks 8900<br>Torgarden    | 7491<br>TRONDHEIM         |
| NORD UNIVERSITET                                                 |               | postmottak@nord.no    | Postboks 1490                 | 8049 BODØ                 |
| UNIVERSITETET I<br>SØRØST-NORGE                                  |               | postmottak@usn.no     | Postboks 4                    | 3199 BORRE                |
| OSLOMET -<br>STORBYUNIVERSITETET                                 |               | postmottak@oslomet.no | Postboks 4<br>St.Olavs Plass  | 0130 OSLO                 |
| UiT - UNIVERSITETET I<br>TROMSØ - NORGES<br>ARKTISKE UNIVERSITET |               | postmottak@uit.no     | Postboks 6050<br>Stakkevollan | 9037 TROMSØ               |
| HØGSKOLEN I ØSTFOLD                                              |               | postmottak@hiof.no    | Postboks 700                  | 1757 HALDEN               |
| HØGSKULEN I VOLDA                                                |               | postmottak@hivolda.no | POSTBOKS 500                  |                           |
| NLA HØGSKOLEN AS                                                 |               | post@nla.no           | Postboks 74                   | 5812 BERGEN               |
| UNIVERSITETET I<br>AGDER                                         |               | post@uia.no           | Postboks 422                  | 4604<br>KRISTIANSAND<br>S |
| UNIVERSITETET I<br>STAVANGER                                     |               | post@uis.no           | Postboks 8600                 | 4036<br>STAVANGER         |
| HØGSKULEN PÅ<br>VESTLANDET                                       |               | post@hvl.no           | Postboks 7030                 | 5020 BERGEN               |
| UNIVERSITETET I<br>INNLANDET                                     |               | postmottak@inn.no     | Postboks 400<br>Vestad        | 2418 ELVERUM              |